

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen



INNSPEL TIL REGIONAL TRANSPORTPLAN 2022-2033 FRÅ SOGN OG FJORDANE NÆRINGSRÅD

Sogn og Fjordane Næringsråd vart skipa i 2016 og har i dag om lag 120 medlemar frå bedrifter og organisasjonar i Sogn og Fjordane. Samferdsle er eit svært viktig tema for næringslivet og trygge, effektive og opne samband både lokalt, regionalt og nasjonalt er heilt avgjerande for å vidareutvikle næringslivet både i Sogn og Fjordane og i Vestland.

Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at dei tema som vi har med i innspel til Regional Transportplan for 2022-2033 blir vektlagde i det vidare arbeidet med RTP i Vestland fylkeskommune.

Kort om SFN sitt innspel til Nasjonal Transportplan 2022-2033.

Styret i Sogn og Fjordane Næringsråd vedtok på styremøte 20.01.2020 at Aust – Vest sambandet over Hemsedal og Ferjefri E 39 skal ha hovudprioritet i arbeidet med rulleringa av NTP 2022 – 2033.

Desse strekningane er prioriterte:

Aust-Vest (RV5/RV52)

- Tunnel Hemsedalsfjellet. (Rv 52 Bjøberg – Borlaug)

Ferjefri E39

1. Storehaug - Førde
2. Byrkjelo – Svarstad. Tunnel Utvikfjellet og bru i indre Nordfjord
3. Vadheim – Sunnfjord grense.

Andre vegstrekningar

Rv 15 Strynefjellet med arm til Geiranger

«Det må arbeidast vidare med å få prosjektet prioritert ved hjelp av rassikringsmidlar og «spleiselag» mellom Vestland, Møre og Romsdal og Innlandet.» Regjeringa godkjende konseptval B1 med arm til Geiranger i juni 2018.

Vikafjellet

«Det må arbeidast vidare med å få prosjektet prioritert med bakgrunn i reduserte kostnader og Rv 13 si rolle som viktig sambindingsveg i Vestland fylkeskommune. Viktig samband for å bygge saman bu og arbeidsområde».

«Sogn og Fjordane Næringsråd vil jobbe vidare med prioriteringane også ved handsaminga av Regional Transportplan og då vil også rassikring og vedlikehald av vegnettet vere eit svært viktig satsingsområde».

Hovudpunkta i Regional Transportplan 2022-2033:

Fylkesvegane.

Det er svært viktig for næringslivet i Sogn og Fjordane og Vestland å ha eit effektivt, opne og trygt vegnett som styrkar vekstkraft og verdiskaping. Fylkestinget må prioritere

vegbygging høgt og ein må arbeide for å auke løyvingane til vegvedlikehald og å redusere vedlikehaldsetterslepet. Her er noko av grunngevinga:

- Mange bedrifter ligg langs ein fylkesveg.
- Transport inn og ut til bedrifter. Råvare inn og ferdige produkt ut.
- Sikker eksportveg for å kunne halde leveringstider.
- Framkome for tungtransport. Samanhengande strekningar for modulvogntog.
- Utbetring av flaskehalsar. Låge tunnelar og smale og svingete vegar.
- Ferjeavløysingsprosjekt. Fylkeskommunen må utnytte ordninga fullt ut.
- Rassikring. Nasjonalt ansvarsområde. Felles innsats for mest mogeleg rassikringsmidlar til vegnettet i Sogn og Fjordane. Arbeide for å auke den nasjonale rassikringspotten.

Fylkesvegnettet er ein viktig del av infrastrukturen for reiselivet. Ei svært viktig næring med mange arbeidsplassar i Sogn og Fjordane og Vestland. Sogn og Fjordane Næringsråd vil peike på viktige utfordringar:

- Framkome. Mange av dei same utfordringane som for industrien og anna næringsliv.
- Gjennomføre mindre utbetringstiltak som hindrar trafikkork.
- Tidleg vegopning på fjellovergangar.
- Opne rasteplassar og gode toalett-tilhøve.
- Samordne buss/båtruter til viktige turistattraksjonar.
- Nasjonale turistvegar. Viktig for reiselivet.
- Planlegge for opning av Stad skipstunnel om 4-5 år.

Sogn og Fjordane Næringsråd viser til prioriteringar i gjeldande RTP frå Sogn og Fjordane fylkeskommune som vart vedteke i fylkestinget 5.12.2017 og ber om at ein jobbar vidare med å få oppstart og realisert flest mogeleg av desse strekningane i RTP 2022-2033

Oppstarta prosjekt:

- Fv 60 Uгла- Skarstein. (Ferdig)
- Blaksettunnelen.
- Flo. Ny tunnel
- Seimsdalstunnelen
- Førdepakken
- Ytre Steinsundet. Ferjeavløysing.

Det vart laga følgjande finansieringsplan for realisering av Svelgen – Indrehus:

2020 : oppstart 15 mill .

2021 : 150 mill .

Prosjektet vert fullfinansiert i åra 2022 – 2024

Sogn og Fjordane Næringsråd er ikkje kjend med status for alle prosjekta som vart vedteke i fylkestinget i desember 2017, men ein ønskjer å ta alle med i denne runden av handsaminga. Sogn og Fjordane Næringsråd vil evt. seinare kome tilbake med supplerings- og ei prioritert liste.

Marginalliste for prioritering av ikkje oppstarta prosjekt i Sogn og Fjordane:

Store investeringar:

1. Fv 57 Nishammaren – Storehaug m/bru over Svesundet
2. Kryssing Nordfjorden, Tongane - Biskjelsneset
3. Fv 55 Høyheimsvik – Nes
4. Fv 614 Haukå - Myklebust

5. Fv 55 Dale sentrum i Luster
6. Fv 615 Sandane – Storebru
7. Fv 13 Røyrvikfjellet (tunnel)

Mindre investeringar:

1. Fv 609 Stongfjorden – Askvoll (25 mill)
2. Fv 55 Tronvik – Ulvåna (50 mill)
3. Fv 620 Kjøde – Sandvik (ca 40 mill)
4. Fv 606 Møteplassar - Dumbesvingane i Solund
5. Fv 50 Strølager – Øyestølen
6. Fv 622 Snuplass Raudeberg
7. Fv 614 Pigging av fjell rundt sving v/Langeneset
8. Fv 662 Nordfjordeid – Torheim
9. Fv 607 Leirvik – Lavik
10. Fv 271 Øye bru
11. Fv 121 Vetlevange bru
12. Fv 618 Eide – Allmenning

Gang -og sykkelveggar

1. Fv 615 Sandane – Fitje
2. Fv 60 Loen – Rake (Stryn)
3. Fv 271 Ofta aust – Svinggum (Lærdal)
4. Fv 545 Michael Sarsgate (Florø)
5. Fv 700 Sandane – Austrheim (Gloppen)
6. Fv 542 Eikefjord sentrum – Rv 5 Kvalvika

Skredsikring:

1. Fv 609 Heilevang
2. Fv 92 Arnafjorden
3. Fv 664 Navelsaker
4. Fv 616 Davikstranda
5. Fv 13 Matbjøra
6. Fv 724 Heimefonna
7. Fv 615 Hopsstranda. I tillegg skal det vurderast skredvarsling for Fv 723 Merkinggjølet

Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane.

Det vart gjort endeleg vedtak på traseval for strekningane frå Gulen i sør til fylkesgrensa mot Møre og Romsdal i fylkestinget i Sogn og Fjordane i 5. desember 2017. Kystvegen er svært avgjerande for å få eit effektivt samband for næringslivet på kysten av Sogn og Fjordane. Ein viktig næringskorridor som vil auke verdiskapinga, styrke næringslivet og legge til rette auka sysselsetting i Sogn og Fjordane.

Strekninga Måløy - Florø.

- 1. byggesteg er Svelgen – Indrehus.
- Aktuelt ferjeavløysingsprosjekt over Nordfjorden.
- Bør planleggast for samanhengande utbygging.

Meir veg for pengane:

Sogn og Fjordane Næringsråd støttar fullt ut fylkeskommunen sine tankar om korleis ein kan få meir veg for pengane slik det kom fram på det digitale innspelsmøte 10. februar. Sogn og Fjordane Næringsråd vil også peike på nokre tiltak som kan føre til at ein får meir veg for pengane:

- Samling i større samferdsle-pakkar.
- Spleiselag. NTP-RTP-kommunane

- Samspelskontrakter med entreprenører/utbyggerar. Dele kunnskap.
- Planlegge lenger strekningar.
- Påverke regelverk og ha større fleksibilitet i val av løysing for å kunne utbetre flaskehalsar. Må kunne fråvike standardar og føreta enkel opprusting.
- Kortreist stein. Økonomisk og miljømessig gevinst med bruke stein i nærliggande prosjekt.

Mobilitet og kollektivtransport

Det må leggest til rette for at kollektivtransport kan bli eit attraktivt alternativ til bil slik at flest mogeleg kan reise kollektivt. Trafikksikkerheit må være eit gjennomgåande tema i Regional Transportplan. Ein stor del av kollektivtransporten i fylket dreiar seg om transport av skuleelvar i alle alder. Dei gjennomgåande bussrutene er viktig for mobiliteten i heile Vestland.

- Sikker og trygg reiseveg er nødvendig
- Fleire grendaskular legg ned – medfører at fleire skuleelvar som treng skyss til/frå skule
- Fleire elevar reiser også lenger til vidaregåande skular
- Sikre gode og universell utforma trafikknutepunkt.
- Forsterke korrespondanseruter som sikrar gode gjennomgangsruiter i Vestland fylke.
- Mange skulebussar køyrer på utkantvegar tidleg morgon og då er det avgjerande viktig med godt vintervedlikehald **før** bussen kjem
- Arbeide for at alle busstoppa langs fylkesvegnettet er slik at passasjerane slepp å stå i vegbana.

Miljøløftet

Sogn og Fjordane Næringsråd viser til at Vestland fylke skal vere utsleppsfritt fylke i 2030 og tiltak i Regional Transportplan er viktige får å nå desse målsettingane.

- Fylkeskommunen må arbeide for å få på plass forsterka energikapasitet- og infrastruktur. Det gjeld elektrisk og hydrogen m.m. både på sjø (landstraum) og land.
- Sette framtidsretta miljøkrav.
- Berekraftige og miljøvenlege transporttilbod

Flytilbod i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at ein legg til rette for å vidareutvikle rutetilbodet på dei 4 flyplassane i Sogn og Fjordane og at det skal vere FOT ruter på alle rutene på alle flyplassane. For næringslivet er det heilt avgjerande å ha eit godt og stabilt flytilbod til fornuftige prisar for å kunne vere konkurransedyktige med næringslivet i andre deler av landet.


Samandrag/Konklusjon

Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at dei kommentarane og punkta som er nemnde i denne uttalen blir vektlagde i det vidare arbeidet med Regional Transportplan 2022-2033 i Vestland fylkeskommune. Vi vil særleg peike på dette:

- Sogn og Fjordane Næringsråd viser til dei prioriteringane som vart gjort i Sogn og Fjordane Fylkesting ved handsaminga av Regionale Transportplan i desember 2017 og ber om at desse prosjekta blir vidareført i RTP 2022-2033.

- Sogn og Fjordane Næringsråd vil særleg peike på dei utfordringane som dårleg vegnett mellom Måløy og Florø (Kystvegen) har å seie for næringslivet på kysten av Sogn og Fjordane og ber om at denne strekninga blir planlagt for samanhengande utbygging og at desse prosjekta får høg prioritet i RTP 2022-2033.
- Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at fylkeskommunen legg stor vekt på å få «meir veg for pengane» og støttar fullt ut det som vart presentert på innspelsmøte 10. februar.
- Sogn og Fjordane Næringsråd ber om at fylkeskommunen i samarbeid med kommunane og næringslivet legg til rette for forsterka energikapasitet- og infrastruktur for å kunne nå målsettingane om meir miljøvenlege transportløyvingar.
- Sogn og Fjordane Næringsråd ønskjer å bidra til at det blir mest mogeleg samferdslemidlar til prosjekta i Sogn og Fjordane og vi vil arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane og Vestland får auka dei statlege midlane til rassikring og andre statlege løyvingar.

Sogndal/Hornindal 1. mars 2021



Yngve Hallén
Styreleiar



Bjørn Lødemel
Dagleg leiar